

# Landbruksmelding for Hordaland 2014 - 2017

Strategidokument for styrking av  
rekrutteringen til landbruket i Hordaland



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE





## FORORD

Landbruket i Hordaland er forma av naturen og av menneske. Landbruket er ein viktig del av tradisjonen og historia i Hordaland. Gjennom generasjoner har den kunnskapsrike bonden vekse fram. Geografi, topografi og klima i fylke gjer både muligheter og utfordringar. Hordaland har godt lokalt klima for frukt og lange tradisjonar for fruktdyrking. Sauenæringa nyttar dei store lokale beiteressursane som finnes i regionene.

Landbruk er ei næring der ein må tenke i lengre tidshorisontar. Eit godt drevet landbruk skal komme kommande generasjoner til gode. Det skal sikre eit levande kulturlandskap og ein levande matkultur for framtida. Eit aktivt landbruk skal produsere nok mat og trygg mat. Landbruket skal sikre deler av norsk sjølvberging og forsyne ein stor norsk næringsmiddelindustri med råvarer.



Foto: © Hans Jørgen Brun

Innafor landbruket er det ei rivande utvikling som har gitt betre teknologi, betre produksjonsteknikkar og ny kunnskap om korleis ein skal driva effektivt og auka produksjon. Vestlandskogen er mogen og klar for hausting. Potensialet for innovasjon og utvikling innafor skognæringa er stort. Skognæringa treng fleire med relevant kompetanse. God, kunnskapsbasert agronomi er bra for produksjonsresultat og for økonomien til den enkelte bonde. For å være budd på framtida må landbruket ha tilstrekkelig og rett kompetanse.

Det er også mange utfordringar innafor landbruket. Ei av dei er stagnasjon i rekruttering. Målet med denne meldinga er å styrke rekruttering til landbruket i Hordaland, samt å auka produksjonen på gardane i Hordaland. Auka rekruttering og fleire med relevant kompetanse er avgjerande for å få til ny vekst. Som eigar av dei vidaregåande skulane i fylket har Hordaland fylkeskommune eit medansvar for rekruttering.

Dette er den første landbruksmeldinga som er behandla av fylkestinget i Hordaland. Hordaland fylkeskommune blei som ein del av forvaltningsreforma i 2010 tildelt eit større ansvar for landbruk og er større grad blitt ein jordbrukspolitisk aktør. Fylkeskommune kjem nå med innspel til jordbruksoppgjeret og fordeler rekrutterings- og kompetansesemidlar. Denne meldinga skal løfte landbruket og sette landbruket på den fylkespolitiske dagsorden.

Heile forvaltninga og næringa står samla bak målet om produksjonsauke. I 2017 når perioden for denne meldinga går ut skal det vere meir produksjon på gardane i Hordaland!

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Tom-Christer Nilsen". The signature is fluid and cursive, with some loops and variations in thickness.

Tom-Christer Nilsen  
fylkesordfører

**«SÅ ER DAGEN OMME**, ei ny vakenatt ventar. Lammainga – vårens vakraste eventyr – har pågått i snart tre veker, og det merkast på kroppen. No syder det av liv overalt i løa og fjøset. Det vil seja no når klokka går mot midnatt, og alle små og store er mette og fornøgde, så senkar stilla seg. Godt å merke at dyra set pris på jobben ein har gjort. Då kan ein med godt samvit krypa under dyna på vaktrommet i løa – og få litt søvn før klokka ringjer att om to timer»

Reidar Konglevoll, bonde, i BT 7. mai 2013.

<b>1. MELDINGA SKAL BETRE REKRUTTERINGA TIL LANDBRUKET</b>	<b>5</b>
Kort om meldinga	5
Strategisk val: Rekruttering er temaet for meldinga	5
Foto Hordaland Bondelag	6
Meldinga har ein optimistisk grunntone	6
Andre dokument som er viktige for å auke rekrutteringa	7
<b>2. NI GRUNNAR TIL Å SATSE PÅ LANDBRUKET I HORDALAND</b>	<b>8</b>
1. Landbruket si viktigaste oppgåve er å produsere mat og trevirke	8
2. Landbruket er med på å sikre busetjinga i distrikta	9
3. Hordaland har stor kompetanse på fruktdyrking	10
4. Aktivt landbruk held kulturlandskap, bygningsmiljø og tradisjonar i hevd	10
5. Landbruket gjev liv og trivnad til bynære lokalsamfunn og bygder i distrikta	11
6. Landbruket er ei robust og tilpassingsdyktig næring	11
7. Landbruket kan gi attraktive jobbar til mange unge	12
8. Vestlandsskogen er no hogstmogen	12
9. Bygdenæringerane har eit stort vekstpotensiale	12
<b>3. UTFORDRINGAR FOR REKRUTTERINGA TIL LANDBRUKET I HORDALAND</b>	<b>14</b>
3.1: SÆRSKILT VIKTIGE UTFORDRINGAR FOR Å AUKE REKRUTTERINGA TIL LANDBRUKET	14
Eigna areal for landbruk må haldast i hevd	14
Lönsemd er eit absolutt krav frå dei unge bøndene	15
BU-midlane betyr mykje for investeringsvilja, men har for små rammer	16
Eigarskiftet; ein krevjande prosess	17
3.2: INDIREKTE UTFORDRINGAR FOR REKRUTTERINGA TIL LANDBRUKET	19
Potensialet innan bygdenæringer kan nyttast enno betre	19
Naudsynt med eit meir attraktivt sysselsettingstilbod utanfor bruket	20
Utfordringar for skogbruket	20
<b>4. MÅL FOR «LANDBRUKNESMELDING FOR HORDALAND»</b>	<b>22</b>
<b>5. STRATEGIAR FOR AUKA REKRUTTERING</b>	<b>23</b>
STRATEGI 1: AUKA LÖNSEMD OG STØRRE INVESTERINGSRAMMER	23
STRATEGI 2: MEIR LANGSIKTIG AREALPOLITIKK	24
STRATEGI 3: EIGARSKIFTE MED MEIR POSITIV MOTIVASJON; «SLUTTPAKKER» OG «STARTPAKKER»	25
STRATEGI 4: FLEIRE MED MEIR POSITIVE HALDNINGAR TIL LANDBRUKET	26
<b>6. KORLEIS VI SKAL GJENNOMFØRE LANDBRUKNESMELDINGA</b>	<b>28</b>
Gjennomføringa krev enno betre samarbeid mellom ulike aktørar	28
Ein sterkare, meir kontinuerleg og systematisk innsats	28
Forslag til konkrete tiltak i tillegg til døma i meldinga:	28
Positive resultat og erfaringar må formidlast til sentrale styresmakter	29

# 1. MELDINGA SKAL BETRE REKRUTTERINGA TIL LANDBRUKET

## Kort om meldinga

Denne meldinga skal gje eit løft for landbruket i Hordaland. Målsettinga er å styrke rekrutteringa til gardane i fylket vårt, samt auke produksjon og lønsemd. Landbruksmeldinga er meint som eit supplement til Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017.

Handlingsplanen til næringsplanen vil difor òg vere handlingsprogrammet til landbruksmeldinga. I tillegg vil melding supplera RULL- strategien 2011- 2015, og vil kunne være førande for bruken av desse midla.

Mange i og utanfor landbruket har teke del i utviklinga av meldinga. Det har vore gjennomført ei strategisamling med om lag 40 deltakarar som kom med fleire gode idear og mogelege tiltak. Desse innspela er samla i fire strategiar (sjå kap.5). Strategisamlinga vart følgt opp med tre møte for å planlegge og vidareutvikle strategiane nærmare. Ei styringsgruppe har leia arbeidet. Den har vore samansett av representantar frå Fylkesmannen si landbruksavdeling, Innovasjon Norge, dei to bondeorganisasjonane, Jondal kommune og Hordaland fylkeskommune.

Dette er det fyrste landbrukspolitiske strategidokumentet som er handsama av Hordaland fylkesting.

## Strategisk val: Rekruttering er temaet for meldinga

Talet på bruk i Hordaland og i Noreg elles har gått jamt nedover dei siste tiåra. Nedlegging av bruk vert som oftast resultatet av at dei gamle sluttar, medan dei unge ikkje ynskjer å ta over. Bak denne utviklinga er det igjen eit sett av ulike årsaksfaktorar, til dømes: Odelsbarnet tar seg utdanning som gjev andre ambisjonar og verdiar for yrkeskarriere og bustad. Den eksisterande drifta er lite lønsam, og det trengst større investeringar i bygningar og areal. Det er vanskeleg å få seg løna arbeid i kombinasjon med bruket, slik at samla hushaldsinntekt vert for lita. Desse og andre faktorar er nærmare omtalt i kapittel 3.

Mange av dei ovannemnde utfordringane kan påverkast regionalt, sjølv om statlege verkemiddel, rammeverk og avtalar (særleg jordbruksavtalen) på ein del område har større gjennomslagskraft. Ei undersøking gjennomført av Sentio for Norsk Landbrukssamvirke syner at tre av fire bønder føler at dei speler ei viktig beredskapsrolle for samfunnet i handtering av kriser, klimaendring og folkevekst. Bonden ser ikkje berre på seg sjølv som ein sjølvstendig næringsdrivande, men òg som ein problemløysar på vår tids store utfordringar knytt til matforsyning, klima og beredskap. Landbruksmelding for Hordaland skal mobilisere den krafta som entusiastiske bønder har for landbruket. For å leggje til rette for slik vekstskraft skal dei regionale verkemidla som Fylkesmannen, fylkeskommunen, Innovasjon Norge, kommunane og rettleiartenestene nyttast og vidareutviklast.

Det er soleis to grunnar til at ein har valt å ha merksemد på auka rekruttering til gardsbruka i fylket: Det er avgjerande for å få til ny vekst i landbruket, og det regionale nivået har eit monaleg handlingsrom med verkemiddel og kompetanse.



Foto: Hordaland Bondelag

### Meldinga har ein optimistisk grunntone

I meldinga vert det lagt vekt på eit meir optimistisk perspektiv på landbruket. Skal det bli eit trendbrot i rekrutteringa til landbruket må bønder, landbruksbyråkratar, bondeorganisasjonane, kommunar og fylkeskommunen verte endå dyktigare til å få fram kor viktig landbruket er for verdiskapinga i samfunnet, for folk, lokalsamfunn og trivnad. Det er sjølv sagt viktig å vere ærleg – og dermed truverdig – i høve til problem og utfordringar, men einsidig problemfokusering reduserer gjerne kreativitet og evna til å finne gode løysingar.

Det er òg slik at nedgangen i talet på gardar i drift er uttrykk for grunnleggjande samfunnsøkonomiske utviklingstrekk: overgang av arbeidskraft og kapital frå primærnæringane til industri og seinare dei tenesteytande næringane. Nokre av dei negative verknadene for landbruket er det lite å gjere noko med. Difor kan tid og ressursar betre brukast på å leite etter tiltak som faktisk kan endre tilhøva i positiv lei.

Denne meldinga inneheld fleire døme på idear til tiltak som er relativt enkle, kreative og ikkje så kostnadskrevjande. Fleirtalet av ideane let seg gjennomføra på lokalt og regionalt nivå, utan at ein må endre på statleg regelverk og rammetilhøve. I tillegg finst det døme på tiltak som ein må samarbeide med sentrale styresmakter om å gjennomføre. St. Meld nr 9 (2011/2012) om *Landbruks- og matpolitikken* sender signal om at større ansvar og avgjerdsmakt skal plasserast regionalt. Regjeringa ynskjer å legge til rette for kompetanseutviklende tiltak i landbruket, samt auke matproduksjon i Noreg. Det har vi òg teke på alvor!

## **Andre dokument som er viktige for å auke rekrutteringa**

Meldinga må sjåast i samband med andre strategiske dokument i landbruket. Det gjeld sjølvsgatt den nemnde stortingsmeldinga, men også «Regionalt bygdeutviklingsprogram for Hordaland 2013-2017», «RULL – strategi for forvalting av midlar til rekruttering, utdanning og likestilling i landbruket i Hordaland for 2011 – 2015», «Regionalt næringsprogram for landbruket i Hordaland 2013 – 2017», samt «Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017». «Klimaplan for Hordaland 2010-2020» er også en viktig plan for landbruket i Hordaland. «Regional areal og transportplan for Bergensområdet» er under utvikling og skal behandles politisk i 2015. Det er viktig å sikre fokus på landbruksareal i denne planen. Et anna sentralt dokument er «Matstrategi for Hordaland» (under arbeid i 2014). I dette dokumentet er det ei rad strategiar for betre samarbeid mellom landbruk og fiskeri med sikte på å auke verdiskapinga innafor matproduksjon, og styrke identiteten til Hordaland som matregion . Landbruksmeldinga er dels basert på RULL-strategien, men ingen av dei andre dokumenta inneheld direkte uttrykte strategiar for styrking av rekrutteringa til landbruket i Hordaland.

## 2. NI GRUNNAR TIL Å SATSE PÅ LANDBRUKET I HORDALAND

### 1. Landbruket si viktigaste oppgåve er å produsere mat og trevirke

Sundvollen erklæringa stadfester at landbruket skal ha som hovudoppgåve å leve trygg kvalitetsmat. St. Meld nr 9 (2011-2012) om *Landbruks- og matpolitikken*, har som mål å auke landbruksproduksjonen med minst 1% i året. Vi skal produsere nok mat, som har høg kvalitet og som gjev eit tilbod med mangfold. Landbruket medverkar òg til å sikre andre viktige fellesgode; busetting og næringsliv over heile landet, biologisk mangfold, kulturlandskap, skogen som karbonlager og vidareføring av, og auka kunnskap om, kultur og tradisjonar.


I 2050 reknar ein med at det er om lag 9 milliardar menneske i verda, og at matproduksjonen må aukast med 70 % for å sikre nok mat til alle. Utfordringane er mange: Matjord har gått tapt over heile verda som følgje av urbanisering og industrialisering. Samstundes er det i mange regionar mangel på vatn og overforbruk av grunnvatn. Klimaendringane med meir ekstremvær fører til meir flom og tørke i nokre verdsdelar (særleg Afrika og Asia), mens dei nordlege breiddgradane kan få lengre vekstsesongar med auka avlingar og fleire nye typar vekstar. Stortingsmeldinga peiker på at alle statar i FN har forplikta seg til å sørge for mattryggleik for alle innbyggjarar. Den globale matsituasjonen er eit viktig bakteppe når framtidig matproduksjon i Noreg skal vurderast.

Hordaland skal sjølvsgart vere med på å nå dei nasjonale måla innan landbrukspolitikken. Som det vert nemnt i Stortingsmeldinga; «for å øke produksjonen av mat fra norsk landbruk må ressursene tas i bruk der de finnes, gjennom et landbruk over hele landet. Regjeringen legger vekt på bruk av nasjonale ressurser som grovfôr og beite» (s.14). Regjeringa ynskjer å arbeide for ei høgast mogleg sjølvforsyningsgrad av mat av beredskapsomsyn.

Fjellområda i Hordaland utgjer til dømes særslig gode beiteområde som gjev kjøt av høg kvalitet. Områda er unike i landssamanhang med særslig lite rovdyr, og har potensiale til å verte nytta mykje meir enn i dag. For å auke matproduksjon i heile landet må ein nyttegjera seg den jorda ein har til rådvelde på best mogeleg vis (jf. 3.1).

Hordaland vil framover få ein sterkare folketilvekst enn dei fleste andre fylka i landet. Dersom landbruket skal vidareutvikle ein berekraftig matproduksjon med minst mogeleg transport- og miljøkostnader («kortreist mat»), må det leggjast enno betre til rette for auka matproduksjon i fylket. Ein veksande bergensregion vil òg vere ein kjøpekraftig og kvalitetsmedveten marknad for landbruksprodukt frå fylket. Det er all grunn til å tru at marknaden framover krev meir rein mat, meir tradisjonsmat/lokalt mat med identitet og meir kortreist mat. Mange forbrukarar er opptekne av større mangfold i tilbodet, og delar av marknaden vil gjerne betale meir for mat som har ekstra kvalitet. På alle desse områda kan landbruket i Hordaland leve.

## 2. Landbruket er med på å sikre busetjinga i distrikta



Figur 2.1: Sysselsetting innen landbruk i Hordaland Kjelde: Utarbeidd av Hordaland fylkeskommune

I distrikta i Hordaland, særleg i indre strok, er landbruket ei viktig næring målt i sysselsetting (sjå figur 2.1). Voss, Kvam og Kvinnherad er kommunar med høge tal på sysselsette, medan Ullensvang, Ulvik og Etne har den høgste delen av totalsysselsettinga innan landbruk. Det er også verd å merke seg at nokre kommunar har så få sysselsette i landbruket at heile miljøet er

sårbart og på sikt kan bli borte.

Landbruket utnyttar i stor grad den lokale jobbmarknaden. Frukt, sau-, mjølk- eller storfeproduksjon ligg i botn for hushaldsøkonomien, men dei fleste kombinerer dette med ulike bygdenæringer (sjå kap.4). Oppdrag for kommunen og den lokale bygg- og anleggsbransjen er òg vanleg. Ein annan viktig grunnpilar i hushaldsøkonomien er løna arbeid i offentleg verksemd, på sjukeheimen, i skulen, eller i kommuneadministrasjonen. Det samla sysselsettingsgrunnlaget er mangesidig, («mangesyslri»), og gjev difor eit meir robust inntektsgrunnlag dersom ein eller fleire av inntektskjeldene fell bort i periodar.

### **3. Hordaland har stor kompetanse på fruktdyrking**

Hordaland har godt lokalt klima for frukt, og lange tradisjonar for fruktdyrking. Fylket produserer knapt 40% av epla i landet, og ein noko større del av pærene, plommene og morellane. Epleproduksjonen er viktigast. Fruktnæringa er ein sentral bidragsyta til sysselsetting og verdiskaping i Hardanger. Her finst solide fagmiljø og moderne fruktager. I takt med ynskje om sunnare kosthald har forbruket av frukt gått opp dei siste åra, og det ligg eit stort potensiale i at norsk frukt kan erstatte den aukande importen. I dag er etterspørselet etter norske eple i marknaden større enn tilbodet. Meir merksemd på lokal/tradisjonsrik mat gjer òg at etterspurselen etter til dømes lokalprodusert juice og sider er aukande. I Ulvik og fleire andre stader har ein òg lukkast med fruktproduksjon som grunnlag for reiselivssatsing med gardsutsal, aktivitetstilbod og foredra produkt. I fruktområda er utskiftinga av tre intensivert, noko som er naudsynt for framtidig verdiskaping. I tillegg er ein sunn pollineringsbestand viktig for å sikre berekraftig frukt- og bærproduksjon i Hordaland.



Foto: M.B. Meland

### **4. Aktivt landbruk held kulturlandskap, bygningsmiljø og tradisjonar i hevd**

Vi har alle røter frå fiske og jordbruk. Difor er mange av oss interesserte i å verte minna på

kvar vi kjem frå. Vi vil vitje og sjå aktive gardsbruk, tradisjonsrike bygningsmiljø og kulturlandskap. Dessutan vil vi lære meir om historia bak. Levande bygder og vakre gardsmiljø er òg gode rekreasjonsstader for stressa byfolk.

Bygdesamfunn som kan vise fram tradisjonsrike og levande gardsmiljø, er dessutan ein viktig føresetnad for at turistar kjem og trivst i fylket vårt. Det er ikkje berre landskapet i seg sjølv som er attraktivt. Det er òg opplevinga av at det vert brukt av folk og fe i dagleglivet, og at ein kan få interessante og spanande opplevingar ved å bruke naturen og kulturlandskapet. Gardsmiljø i drift tek vare på kulturlandskapet, held tre og planter nede og gjer det i praksis mogeleg for turistane å sjå landskapet. Gardsdrift kan òg bidra til å oppretthalde biologisk mangfald.

## **5. Landbruket gjev liv og trivnad til bynære lokalsamfunn og bygder i distrikta**

Aktive gardsmiljø er òg viktige fordi dei gjev eit visuelt bilet av at det er liv i bygda. At bygda er liv laga! Bynært landbruk gjev byar og større senter av dei urbane stroka eit meir allsidig preg. Byfolk kan få nærekontakt med korleis matproduksjon skjer i praksis, få meir kunnskap om den kulturelle arva og få opplevingar med meinung. Kontakt med dyr gjev trivnad og meinung for barn og vaksne.



Foto: Inge Døskeland

## **6. Landbruket er ei robust og tilpassingsdyktig næring**

Det er rett at sysselsettinga i landbruket har gått jamt ned over i fleire tiår – og nedgangen har vore større i Hordaland enn i andre fylke. Det er, som nemnt, eit historisk resultatet av ei strukturell utvikling i økonomien der industrien og seinare dei tenesteytande næringane hadde bruk for arbeidskrafta.

Smedshaug og Hillestad (Agri Analyse 1/2013) peiker på at samstundes som landbruket har bidrige med arbeidskraft til mange andre sektorar, har produktivitetsveksten vore større enn i dei fleste andre næringane. Sysselsettinga i landbruket i Noreg har gått ned frå 250.000 i 1950 til 53.000 i 2011, medan den samla produksjonen har auka.

Agri Analyse peiker på at landbruket på Vestlandet trass alt har klart seg relativt bra. I Meland kommune har talet på søknader om produksjonstilskot auka jamt frå 2007. I konkurransen om kapital og arbeidskraft med til dømes olje, gass, bygg og anlegg har landbruket hatt ein mindre reduksjon i sysselsettinga, enn til dømes fiskeria og delar av den tradisjonelle industrien. Landbruket med industriverksemda og bygdenæringerne har vist seg å vere robuste og tilpassingsdyktige. Agri Analyse peikar (i føredrag på strategisamlinga for landbruksmeldinga) på god organisering, tett samhandling og god utnytting av dei økonomiske rammene innan landbruket som viktige grunnar. Ønsket om å halde kultur, kulturlandskap og lokalsamfunn i hevd har òg spela ei rolle.

## **7. Landbruket kan gi attraktive jobbar til mange unge**

Auka matproduksjon føreset ofte ei sterkare satsing på teknologisk utvikling. Mjølkerobotar vil verte meir brukt dei nærmaste åra. Meir kunnskap om biologiske føresetnader og miljøtilhøve er naudsynt, og kunnskapen om marknaden må aukast. Dette er viktige kunnskapsområde som mange unge synest er spanande og framtidsretta, og det må difor leggjast til rette for innovasjon og entreprenørskap også innanfor landbruket. Dei utfordrande jobbane finst ikkje berre i olje eller finans. Dei finst òg innan landbruket, og kan vidareutviklast vesentleg meir. Dette er ei viktig erkjenning i arbeidet med å betre rekrutteringa til landbruket. Dessutan vil teknologisk utvikling, inkludert automatisering, føre til meir fleksibel arbeidstid, og ikkje minst, meir fritid. Det siste er sjølv sagt eit viktig gode.

## **8. Vestlandsskogen er no hogstmogen**



Som følgje av den omfattande skogplantinga på 50-talet og utover, står det no store volum skog hausteklart i Hordaland. Fylket har mange skogeigedomar (landbrukseigedom med minst 25 dekar produktivt skogareal) i landsmålestokk, og er faktisk på fjerde plass etter dei store skogfylka. 60% av skogeigedomane i fylket driv med både jord og skog. Sjølv om skogeigedomane i fylket er blant dei minste i landet, veks det produktive skogarealet i Hordaland meir enn i dei fleste andre fylka. Skogavverkinga har òg hatt ein monaleg vekst dei 10 siste åra.

Det er aukande interesse for bruk av tre i nye bygningar. Bioenergi basert på flis kan òg bli eit potensielt vekstområde. Sagbruka og trevareindustrien i fylket sysselset nærare 300 personar og har ei årleg verdiskaping på omkring 600 millionar kroner, medan sjølve avverkinga frå skogen utgjer 60 millionar kroner (tala er frå 2013).

St. Meld nr. 9 (2011/2012) signaliserer at det skal leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog og auka skogplanting. I St. meld. nr. 21 (2011-2012) *Norsk klimapolitikk*, er eitt av tiltaka auka produktivt skogareal gjennom redusert avskoging og auka nyplanting. Sundvollen erklæringa legg vekt på klimapolitiske målsetjingar i forvaltninga av norske skogar.

## **9. Bygdenæringerne har eit stort vekstpotensiale**

Hordaland har lenge satsa sterkt på å utvikle bygdenæringer (leigekøyring, utleige, reiseliv, foredling av mat, utmarksnæring og «Inn på tunet»). I 2010 var bygdenæringerne si verdiskaping i landbruket tredje størst, etter mjølk og sau.

Satsinga på bydenæringer har medverka til fleire kvinner i arbeidslivet, og større variasjon i næringsgrunnlaget i lokalsamfunna. Reiselivssatsinga har også synleggjort kulturlandskapet sin verdi. Dessutan har fleire i landbruket fått verdifull kompetanse i entreprenørskap og omstilling. Det er erfaringar som må nyttast i mellom anna i gjennomføringa av denne meldinga.

Framover er potensialet for vekst særleg stort innan reiseliv og lokal matproduksjon. Her har Hordaland fortrinn som få andre fylke kan vise fram. Bergen er innfallsporten for turistane til fylket, og utgjer samtidig ein stor og kjøpekraftig marknad for lokal matproduksjon. Indre strok av fylket er attraktive stader for vitjing, og har solid kompetanse innan produksjon av lokal mat av høg kvalitet. Bygdenæringane vert elles omtalt i kapittel 3 og 5.

# 3. UTFORDRINGAR FOR REKRUTTERINGA TIL LANDBRUKET I HORDALAND

I kapittel 3 er det peika på viktige utfordringar for landbruket i Hordaland. I kapittel 3.1 er merksemda retta mot dei faktorane som særleg verker inn på rekrutteringa til gardane i fylket. Kapittel 3.2. tar opp andre utfordringar som òg verker inn på rekrutteringa, men meir indirekte.

## 3.1: SÆRSKILT VIKTIGE UTFORDRINGAR FOR Å AUKE REKRUTTERINGA TIL LANDBRUKET

### **Eigna areal for landbruk må haldast i hevd**

Tilgjengeleg jordbruksareal som er mest mogeleg samanhengande, av god kvalitet og eigmærd eller leigd på langsiktige avtalar, er sjølvsagt viktig når nye brukarar skal få lønsemd på bruket.

Hordaland har ca. 500.000 dekar jordbruksareal, av dette 400.000 dekar i drift med produksjonstilskot i 2011. Jordteigane i Hordaland er særslig små samanlikna med landsgjennomsnittet. Det er ikkje uvanleg at ein bonde driv 20 – 40 ulike jordteigar. Det gjev store driftskostnader, og ofte lågare kvalitet på avlingane.

Det er særleg to typar utfordringar knytt til areal, og kva areal har å seie for rekrutteringa til landbruket:

#### Sikre areal for landbruksføremål:

Særleg i sentrale strok, men òg i distrikta, er det kamp om areal. Særleg i bergensregionen er det sterke behov og ønskje om å setje av areal til andre næringsføremål enn landbruk, jf. «Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017». I distrikta er det òg konkurranse mellom kommunane om å ha tilgjengeleg næringsareal. Mykje areal er det ikkje avklara bruken av, noko som kan føre til at einskilde bønder let jorda ligge brakk til teigen kan seljast til anna enn landbruksføremål. Arealkonfliktar og mogleg spekulasjon kan reduserast gjennom ein langsiktig arealpolitikk, der ein tek omsyn til landbruket sine interesser gjennom ein aktiv politikk for jordvern. Ein langsiktig arealpolitikk med «låsing» av areal til landbruksføremål vil ta vekk noko av risikoen ved å satse på landbruk.

#### Stor del leigearreal med dels kortsiktige leigeavtalar:

I Hordaland er 42% av jorda i drift leigd, og delen leigd jord aukar i takt med nedlegginga av bruk. Den største utfordringa knytt til leigearreal er at kontraktane ofte er relativt kortsiktige (under 10 år). Manglande tryggleik for framtida kan verke inn på motivasjonen til å ta over bruk og auke produksjonen. Dessutan gjev kortsiktige avtalar som resultat lågare investeringar i kvalitetsforbetring av jorda (til dømes grøfting). I tillegg kjem utfordringane knytt til at leigde og eigde jordstykke etter kvart vert liggande langt frå kvarandre.

## Lönsemd er eit absolutt krav frå dei unge bøndene

Drifta av mange bruk i Hordaland i dag gjev ikkje rom for større investeringar. Lönsemda i jordbruket på Vestlandet har lege under gjennomsnittet for landet heile den siste 10-årsperioden. Unnataket er 2011 då skilnaden var noko mindre. Det var eit stort løft i lönsemda for dei fleste driftsformer frå 2011 til 2012, både for Vestlandet og resten av landet. Eit unnatak var sau på Vestlandet som hadde svakare utvikling siste åra. (Tala er basert på NILF sine driftsgranskningar som berre har med eit mindre utval bruk, i alt 60 frå Hordaland. Desse brukna er noko større enn gjennomsnittet for Hordaland.).



Foto: Hordaland Bondelag



Figur 3.1: Utviklinga i jordbruksinntekt for eit utval bruk på Vestlandet (minus Rogaland) i 2003- 2012. Kjelde: Driftsgranskingane, NILF- notat 2014-3

#### **BU-midlane betyr mykje for investeringsvilja, men har for små rammer**

*«Det er ingen driftsbygninger. Det gamlingen kaller driftsbygning, er en falleferdig, livsfarlig, ulovlig oppført forbanna rønne. Huset er tilbygg til «gammelhuset» med ett soverom! Å arve dritten vil være en byrde». (Fra et intervju i LU-rapport 2-2009; «Rekruttering til landbruket»)*

Når det gjeld investeringar, har vestlandsjordbruket i dei fleste åra hengt etter landsgjennomsnittet. Nettoinvesteringane (investeringar minus avskrivningar, investeringstilskot og selde eigedelar) har vore positiv i dei siste 10 åra, men i fleirtalet av åra lågare enn landsgjennomsnittet.

På den andre sida er nivået for naudsynte investeringar i sauebruka lågare enn for til dømes mjølkeprodusentar. Krava til fasilitetar og investeringar i teknisk utstyr er mindre.

Dei utan samanlikning viktigaste offentlege investeringsordningane for unge bønder er bygdeutviklingsverkemidla hjå Innovasjon Norge. I 2013 gjekk om lag 5,1 millionar i tilskott til investeringar for denne målgruppa i Hordaland. Innovasjon Norge rapporterer at interessa for denne tilskotsordninga og for BU-lån er klart aukande blant yngre bønder. Ordninga medverkar til å redusere talet på nedlagte bruk og stimulerer til satsing blant unge bønder (IN årsmelding 2012)

I rapporten «Unge Bønder» svarer 30% av dei unge bøndene som vart intervjua, at dei ikkje ville ha gjennomført investeringane dersom dei ikkje hadde motteke BU-stønad og 26% er usikre på dette. Resten oppgjer at dei ville ha gjennomført investeringsplanane uansett. Forskarane syner til at den viktigaste grunnen truleg er at tilskota er små i forhold til dei faktiske summane som mange investerer.

Utfordringa er at ramma er for låg, høgare rammer ville ha gjeve fleire unge bønder stimulans til å starte opp og gjennomføre dei naudsynte investeringane. Samstundes er det tydeleg at dei private bankane er lite involverte i risikofinansiering av investeringar i landbruket.

## Eigarskiftet; ein krevjande prosess

«*På sine eldre dagar vart Olaf bekymra for framtida til gardsdrifta i Bortistun. Det var spesielt interessene og hobbyane til sønene hans, Lars og Ottar, som han stilte seg skeptisk til. «Du væt», sa Olaf, «det e itj så litt å driv nån gard med to motorsykla og æn trumpet»». Frå «Rindalshumor» 2009.*

Eigarskiftet på ein gard er det skrive bindsterke romanverk om. Det kan verte sterke kjensler involvert, ofte inneber det store økonomiske løft for den unge bonden - og kva skal senioren gjere no, i sin beste alder?

Omkring 80% av brukarane som i dag får rekruttering i Norge, vert tekne over på odel. Om lag 20% av desse nye brukarane er kvinner. Halvparten av dei unge bøndene har landbruksfagleg utdanning på vidaregåande eller høgare nivå. (Landbrukets utredningskontor 5/2010).

Skal ein få til gode og smidige eigarskifte, er utfordringane mange:

### a) Den unge bonden har vakse frå bruket

Gjennomsnittsalderen for brukarane i Hordaland er 51 år, mens dei som tek over bruk, gjennomsnittleg er 42 år gamle. Når brukaren nærmar seg pensjonsalder, er odelsguten eller jenta minst om lag 35-40 år. Ein typisk karriere etter vidaregåande er å ta meir utdanning, arbeide innanfor andre sektorar og stifte familie, kanskje langt vekk frå heimpllassen. Det er truleg få av dei unge bøndene som har jobb innan landbruket i heile denne perioden, med unnatak for dei som har vakse opp på så store gardsbruk at bruken gjev grunnlag for arbeid for to eller fleire.

Ein karriere utanfor landbruket gjev ny kunnskap, mange erfaringar og nye ambisjonar. Dersom det etterkvar vert aktuelt for neste generasjon å ta over garden, vil det ofte vere ynskje om å endre og effektivisere drifta. Det som «far alltid plar gjere», er ikkje godt nok lenger. Samstundes kan ofte ynskja ikkje gjennomførast utan vesentleg ajourføring og påfyll av ny kunnskap.

### b) Naudsynt med skreddarsydd kompetanseutvikling

Ovannemnde LU-rapport syner at dei nye bøndene særleg peiker ut økonomi og rekneskap, driftsplanlegging og driftsleiing som dei viktigaste områda for ny kunnskap. I rapporten vert det òg peikt på at kurs må leggjast i nærleiken av bustaden, og at det må vere dags- eller kveldskurs. Dei nye bøndene ser ut til å vere opptekne av å kunne gå grundigare til verks enn den førre generasjonen, heile 71% ønskjer å ta del i nettbaserte studiar i kombinasjon med lokale samlingar.

### c) Naudsynt med meir fritid

Oppfatninga av landbruket er ofte at det er «mykje arbeid og lite fritid». Om ein skal endre haldningane til å arbeide i landbruket (sjå kap.5) og direkte påverke rekrutteringa, må ein utvikle tiltak og fleksible ordningar som gjev meir fritid. Den generelle tilgangen til

arbeidshjelp må betrast, og ein må òg ha auka merksemd på praktiske løysingar i drifta som gjer den mindre arbeidsintensiv.

#### *d) Senior ventar lenge før overtaking*

For seniorane er utfordringane òg mange: Dersom ein tenkjer å trekke seg tilbake før pensjonsalderen (eventuelt før 62 år – jf. tidlegpensjonsordninga i landbruket), må ein finne seg nytt arbeid.

Senior har òg ofte sterke kjensler knytt til garden, som bustad og som arbeidsplass. Eit livsverk er det vanskeleg å gje frå seg. Det er ein av fleire grunnar til at senior ofte utset initiativet til ein diskusjon om generasjonsskiftet. Dersom ingen provoserer fram denne diskusjonen, kan det ofte vere at initiativet fyrst vert teke når senior er meir eller mindre utsliten. Det skal også finnast ei løysing på bustadspørsmålet, som framleis gjev trivsel for dei gamle og tilstrekkelig areal og kvalitet for dei unge.

Ut av denne analysen peiker det seg ut ei viktig utfordring; å skape gode arenaer for konstruktive dialogar om generasjonsskiftet. Litt hjelp eller motivasjon utanfrå, til dømes frå kommunane, kan gjere prosessen vesentleg enklare.

I planlegginga av tiltak for å betre rekrutteringa må ein òg ta høgde for at det vil vere ulike problemstillingar for ulike bruk. Dei største bruken kan ha produksjon som gjev plass for to, slik at den unge arbeider i lag med senior heile tida. Utfordringane er truleg størst på dei mellomstore bruken som er økonomisk meir attraktive å ta over enn dei minste, men der det ikkje er plass for den unge før senioren sluttar.

### **Jobbe for meir positive haldningar til jordbruket blant unge**

Det er ikkje alltid landbruket vert omtala på ein positiv måte (jmf kapittel 1). Landbruket sjølv nyttar sjølv sagt høvet føre jordbruksforhandlingane til å peike på problemet med låg lønsemnd. Ungdommar som skal velje retningar i vidaregåande skule, høyer heimafrå at «i landbruket er det mykje arbeid, og lite pengar», og rådgjevarane i ungdomsskulen har liten kunnskap om mogelegheitene i landbruksutdanningane og i landbruket.

Lossius, Bioforsk, peiker i eit føredrag (2010) på at norsk landbruk har eit positivt omdøme, og høg grad av tillit som matprodusent. Ei MMI-måling på oppdrag frå Norges Bondelag i 2012 syner at 90% av folket er for å oppretthalde det norske jordbruket av minst same omfang som i dag. Dette er det høgaste resultatet sidan målingane starta i 1979. Grunnane til det positive omdømet er mellom anna at folk føler nærliek og tryggleik når det gjeld kvaliteten på maten, og at landbruket skaper andre viktige verdiar enn mat.

Utfordringane for det framtidige omdømet er mellom anna å teikne eit truverdig bilet (balansere det idylliske mot det realistiske) og dempe pessimismen. Når det gjeld det siste, strekar Lossius under at ein må unngå massive omtalar av elende, og i staden skape framtidstru og optimisme.

---

## **FAKTABOKS:**

I LU-rapport (5/2010) «Nye bønder» vart dei unge bøndene spurte om korleis kvardagen har blitt, samanlikna med forventningane dei hadde då dei valde vegen som gardbrukarar. På dei fleste områda er dei godt nøgde i høve til forventningane. Om lag 80% meiner at følgjande tilhøve er betre enn, eller i tråd med, forventingane:

- høve til å ta ut ferie
  - det sosiale livet i lokalsamfunnet
  - det landbruksfaglege miljøet i lokalsamfunnet
  - lengda på arbeidsdagen
  - arbeidsbyrda som bonde
  - evna til å betale ned gjelda på garden
  - eigen dugleik som bonde (her svarte 95% positivt!).
- 

Tala i faktaboksen syner at det ikkje er vanskeleg å finne gode døme på unge gardbrukarar som er nøgde med avgjerda dei har teke. Slike døme må vere ein viktig del av ein strategi for å påverke haldningane til unge og unge vaksne.

Desse målgruppene er meir enn andre lydhøyre for straumdrag i samfunnet som peiker ut kva som er gode utdanningsval, kva som er lønsame og spanande jobbar og kva som er viktig i livet. Ein sentral strategi er å syne at landbruket kan tilby interessante utdanninger, utfordrande arbeidsplassar og tilstrekkeleg fritid, sjå kap. 5.4

## **3.2: INDIREKTE UTFORDRINGAR FOR REKRUTTERINGA TIL LANDBRUKET**

### **Potensialet innan bygdenæringer kan nyttast enno betre**

I 2009/2010 hadde 51% av bruka i Hordaland inntekt frå bygdenæringer. Økonomisk har bygdenæringer relativt stor verdi; truleg er dei tredje viktigast etter mjølk og sau. Dei største bygdenæringerane er etter verdiskaping leigekøyring, utleige, reiseliv, foredling av mat og utmarksnæring.

Potensialet framover ligg særleg innan *reiseliv, lokal matproduksjon og Inn på tunet*.

*Inn på tunet* er tilrettelagde og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Godkjente gardar tilbyr aktivitetar som gir meiningsfylt arbeid, mestring, utvikling og trivsel. Dei viktigaste brukarane av tilboda er born og unge, menneske med rusproblem, funksjonshemma, og eldre. Førebels har 25 gardar i Hordaland KSL (kvalitetssystemet i landbruket)-godkjent Inn på Tunet-tilbod (2013 tal), og mange fleire er veg.

Landbruket er viktig for reiselivet som produsent av mat, gjerne basert på lokale råvarer og tradisjonar, leverandør av aktivitetar og opplevelingar på gard og i utmark, og som målberar av lokalt sær preg og kulturarv i lokalsamfunna.

I den nye reiselivsstrategien for Vestlandet vert det peika på at landsdelen har få opplevelstilbod som er kommersielle og ferdig pakka, og at desse tilboda må utviklast meir på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Landbruket må samarbeide meir med andre lokale og regionale reiselivsarrangørar om utvikling av nye produkt og betre marknadsføring, - i

tillegg til kontinuerleg og systematisk satsing på kvalitet.

I Hordaland er det over 150 aktive lokalmat-produsentar. Dei er særleg lokaliserte i Hardanger og Voss. Ein Bygdeforskings-rapport frå 2012 (9/12), syner at matprodusentar generelt i landet opplever at det er tre viktige barrierar for vekst; finansiering, rekruttering av kompetent arbeidskraft og gode distribusjonsløysingar. Truleg er desse utfordringane dei viktigaste i Hordaland òg. I fylket har vi allereie løyst nokon av distribusjons- og marknadsutfordringane gjennom etablering av Matfestivalen i Bergen, Bondens marknad og betre tilgang til matkjedene og hotella.

### **Naudsynt med eit meir attraktivt sysselsettingstilbod utanfor bruket**

*«Ottar dreiv med sau i nokre år, men så hadde han bestemt seg for å slutte. «Det er vel kanskje dumt», sa han, «ferr oss ha nå haft råa te å ha dem enda et år, ferr oss he nå arbeid både e og kjerringa»». (Frå «Rindalshumor», Rindal Heimbygdlag, 2009).*

Det store fleirtalet av brukarar i Hordaland har meir enn halvparten av hushaldsinntekta frå lønsinntekt utanom bruket. Sjølv på relativt store gardar (som er overrepresenterte i statistikken) er lønsinntekt heilt avgjerande for den samla hushaldsinntekta. Dette er eit generelt fenomen for heile landet.

God tilgang til løna arbeid i kombinasjon med jordbruksdrifta, er den nest viktigaste føresetnaden for å ta over eit bruk, syner LU-rapport 2-2009. I rapporten vert det peika på at interessa for å ta over gardsbruk vert vesentleg redusert dersom arbeidsmarknaden på staden eller regionen garden ligg, er vanskeleg. Med fleire som tek høgare utdanning vil òg krava til innhaldet i jobbane auke.

Dessutan må deltidsbruket utvikle kombinasjonar som kan fungere i praksis. Sauehald lar seg enklare kombinere med løna arbeid enn mjølkeproduksjon. Den historiske tilpassinga med sau og fiskeri eller byggje- og anleggsvirksemad i distrikta, har delvis vorte erstatta med arbeid i offentleg sektor. Kjønnsrollene har òg vesentleg endra seg; mannen er mest heime på garden og kona mest ute.

Det er viktig at kommunane tenkjer næringsutvikling og legg til rette for «mangesysleriet». Kommunar kan til dømes dele opp større oppdrag i mindre delar, og bygg- og anleggsnæringa kan tilpasse utforminga av underleverandører oppdrag betre til landbruket sin maskinpark. Det bør òg vere mogleg å fremje kombinasjonar av oljerelatert arbeid offshore.

Det er viktig å trekke gardbrukarar aktivt inn i arbeidet med lokalsamfunnsutvikling i kommunane. Dei har kunnskap og erfaringar som trengst for å utvikle lokalmiljø og nye arbeidsplassar, og er samstundes sjølve avhengige av å bu i attraktive lokalsamfunn.

### **Utfordringar for skogbruket**

Skogbruket utgjer ei relativt lita inntektskjelde for dei fleste gardane i Hordaland. Skogen kan knapt reknast som viktig i seg sjølv for avgjerdar om å ta over bruk, men kan på ein del gardar vere eit ekstra motivasjonsgrunnlag.

Skogen i Hordaland er vanskelegare tilgjengeleg enn i mange andre fylke i landet. Transportkostnadane i skogbruket på Vestlandet er om lag 30 prosent høgare enn på Austlandet. Det skuldast eit lite utbygd skogsbilvegnett, men òg at det ordinære, offentlege

vegnettet har dårlig standard. På landsplan har det knapt vore vekst i bygging av skogsbilvegar dei ti siste åra. Terrenget er ofte vanskeleg, noko som sjølvsagt er med på å auke investeringskostnadene. Det gjev òg behov for fleire taubanar. Meir kompetanseutvikling, etablering av nettverk og eit nært samspel mellom næringa og styresmaktene er andre avgjerande føresetnader for å hente ut meir av potensiale i skognæringa.

# 4. MÅL FOR «LANDBRUKSMELDING FOR HORDALAND»

Det overordna målet for landbruket nasjonalt er å auke matproduksjonen. Hordaland ynskjer å bidra til dette målet ved å auke rekrutteringa til næringa. For å auke rekrutteringa må det bli:

**Meir fagleg, sosialt og økonomisk attraktivt å bli bonde.**

Målgruppene er alle som kunne tenkje seg å ta over ein gard (odelsborn eller eksterne), og ungdom som står i ein situasjon der dei skal gjere framtidige utdanningsval.

I 2017 – når tiltaka i denne strategien er gjennomførte – skal ein kunne sjå følgjande resultat:

- Auka tilgang på rett kompetanse blant bøndene i Hordaland
- Betre førstelinje-kompetanse i kommunane
- Dei som vil ta over ein gard, skal få sjansen tidleg nok
- Bøndene har det nettverket dei treng for å driva godt og trivast i jobben
- At det er blitt meir attraktivt å bli bonde

På grunnlag av desse resultata kan ein ved slutten av meldingsperioden sjå følgjande indirekte verknader av desse resultata:

- Det er større investeringsvilje og betre rammetilhøve for investeringar
- Det er eit meir glødande fagmiljø i fleire lokalsamfunn
- Auke i landbruksproduksjonen som følje av betre drift
- Meir areal vert teke i bruk til landbruk
- Auka tilbod og etterspurnad av varer og tenester i bygdenæringane. Sysselsettinga har difor auka i bygdenæringane.

# 5. STRATEGIAR FOR AUKA REKRUTTERING

Basert på ynskje om auka lønsemd, meir langsiktig arealpolitikk, eigarskifte med meir motivasjon og meir positiv omtale tek kapittel 5 opp fire strategiar med døme på tiltak som svar på dei utfordringane som er nemnde i kap. 3.1. Dei strategiske svara på utfordringane i kap 3.2 fins i hovudsak allereie i eksisterande dokument, jf kap 1.

## STRATEGI 1: AUKA LØNSEMD OG STØRRE INVESTERINGSRAMMER

Den viktigaste føresetnaden for å overta bruk er at lønsemda blir tilfredsstillande, og at ein maktar å finansiere dei naudsynte investeringane. Investeringar i driftsbygningar og areal er sjølvsagt igjen avgjerande for å oppnå lønsemd.

Det viktigaste regionale strategidokumentet for utvikling av lønsemd på gardane i Hordaland er «*Regionalt bygdeutviklingsprogram for Hordaland 2013 – 2017*», utarbeidd av Fylkesmannen i Hordaland. Hovudmålet er å fremje lønsam verdiskaping, attraktive arbeidsplassar, livskraftige bygder og berekraftig arealforvaltning. Spesiell merksemd er retta mot å auke produksjonen innan mjølk, sauehald, frukt, skogbruk og å utvikle bygdenæringerne vidare. Strategiar og tiltak for auka lønsemd og produksjon er særleg omtala i «*Regionalt bygdeutviklingsprogram*», men berre i mindre grad i denne meldinga.

Lønsemda i landbruket vert i stor utstrekning definert gjennom jordbruksforhandlingane. Det viktigaste regionale handlingsrommet her er innspela fylkeskommunen kvart år gjev i førekant av forhandlingane. Dessutan kan Fylkesmannen, rettleiingsapparatet og kommunane legge til rette for auka lønsemd hjå dei einskilde brukarane.

Det er *naudsynt å styrke kommunane si rolle i utviklinga av landbruket*. Kommunane bør ha landbruksfagleg rettleiingskompetanse, og økonomiske verkemiddel for å auke lønsemda. Det er òg viktig at den landbruksfaglege fyrstelinjetenesta har oversikt over forvaltningsapparatet slik at dei kan hjelpe bønder med gode idear med å kontakte rett instans. I mange kommunar, særleg i dei små, er desse ressursane relativt smålåtne og ofte utilstrekkelege for å kunne ha noko å seie for bøndene. Det er naudsynt å styrke kompetansen og rettleiingskapasiteten i mindre kommunar. Dessutan bør kommunane motiverast til sterkare samarbeid, og gjerne samanslåing av ressursar, for å verte fagleg sterkare og meir slagkraftige.

*Dei ulike delane av rettleiingsapparatet må også koordinerast betre.* I dag er situasjonen prega av fragmentering og behov for betre rolleavklaring. Det regionale nivået, i samarbeid med kommunane, vil setje i verk tiltak som skal fremme tettare samarbeid innan rettleiingsapparatet.

I kapittel 3 vart det òg peika på at dei potensielle brukarane meiner at finansiering av naudsynte investeringar er avgjerande for å ta over bruket. Det viktigaste verkemiddelet er Innovasjon Norge sine bygdeutviklingsmidlar. I tillegg har Fylkesmannen og kommunane verkemiddel for investeringar. Den auka interessa for å ta over bruk må møtast med ei monaleg *styrking av investeringsrammene til Innovasjon Norge*.

---

## DØME PÅ TILTAK:

- Auke rammene for investeringsordningane
  - Motivere private bankar til å gå meir aktivt inn med risikokapital til landbruket
  - Utviklingsprosjekt i nokre kommunar for å styrke fyrstelinetenesta
- 

## STRATEGI 2: MEIR LANGSIKTIG AREALPOLITIKK

I kapittel 3 peika vi på at det er naudsynt med tilgjengeleg jordbruksareal som er av høg kvalitet, har langsiktige leigeavtalar og er mest mogeleg samanhangande. For at dei unge bøndene skal kunne drive framsynt planlegging, er det òg naudsynt med ein føreseieleg arealpolitikk. Eit langsiktig perspektiv på arealbruk er ikkje berre viktig for bøndene, men også for næringsinteresser som er arealkrevjande og for innbyggjarane i kommunen generelt. Meir framsynt planlegging vil òg redusere interessa for spekulasjon.

Kommunane bør etablera klårare og meir langsiktige prinsipp for arealbruken i samfunnssdelen av kommuneplanen, og på grunn av beredskapsomsyn arbeide for høgast mulig sjølvforsyning av mat. Desse prinsippa bør takast med i dei konkrete framlegga til arealdisponering i arealdelen. I denne samanheng bør ein òg gjere politikarar, administrasjonen og innbyggjarane meir medvetne om verdien av areal til jordbruksføremål.

Både offentleg og privat rådgjevingsteneste bør ta fatt i utfordringane knytte til leigeareal, jf kap. 3.1. Det må leggjast vekt på aktiv drift av jorda, rasjonell transport av fôr og gjødsel, store og samanhengande jordstykker (arrondering) og langsiktige avtaler.

Endringane i jordlova frå 1. juli 2013 gjer at det vil verte enklare å dele frå areal som tilleggsjord, også der berre delar av landbruksarealet vert seld. Dette er positivt for bønder som ønskjer eit betre ressursgrunnlag, men det vil truleg vere mindre aktuelt å gjennomføre i distrikta av omsyn til busettingsmål.

Fylkesmannen, som har ansvar for at regionale og nasjonale landbruksinteresser vert tekne vare på i arealforvaltinga, har utarbeidd ein arealstrategi (2009). Denne understrekar at jordvern skal ligge inne som ein premiss for kommuneplanlegginga. Det skal gode og veldokumenterte grunnar til for å omdisponere landbruksareal til andre føremål.

---

## DØME PÅ TILTAK:

- Vidareføring av kartleggingsarbeidet for kjerneområde landbruk, skal òg omfatte regionalt nivå
  - Styrke kommunane sin motivasjon for, og kompetanse om, framsynt arealplanlegging
  - Utvikle fyrstelinetenesta si rolle som rettleiar for utvikling av formelt gode og langsiktige leigeavtalar
-

## STRATEGI 3: EIGARSKIFTE MED MEIR POSITIV MOTIVASJON; «SLUTTPAKKAR» OG «STARTPAKKAR»

I kapittel 3 peika vi på at mange unge som kan tenkje seg å bli bønder, ofte vil ha større krav enn dei gamle, samstundes som framtidsplanane krev vesentleg ajourføring og påfyll av ny kunnskap. Dei unge har òg ønskje om meir fritid, i tråd med andre yrkesgrupper. Eigarskiftet er ei utfordring, der seniorane òg skal ha ein verdig retrett, og ofte nye inntektskjelder.

Eigarskiftet må vere ein suksess for senioren og den unge. Målsettinga er å *sikre betre og smidigare overtaking*, som gjerne bør skje på tidlegare tidspunkt enn i dag. Eigarskiftet må bli ein prosess med open og tillitsfull dialog, og normalt med innspel og hjelp frå eksterne. I tillegg må det leggjast til rette for at fleire bruk kjem på marknaden, slik at unge utan odelsrett kan få realisert ønskje om å ta over gard.

Strategien er tre-ledda: Det er «sluttpakkar» for senioren, «startpakkar» for den unge bonden og det er tiltak som skal få sjølvé prosessen omkring eigarskiftet til å skje smidigare. Sluttpakkane skal leggje til rette for at senioren sin kompetanse vert verdsett og brukt. Startpakkane skal gi den unge meir relevant kunnskap og meir fritid, to faktorar som er viktige for å ta over og trivast som ny bonde. Meir fritid kan oppnåast ved å vidareutvikle avløysarordningar, legge til rette for bruk av teknologi som gjev mindre arbeid og organisere samarbeid mellom bønder.

---

### DØME PÅ TILTAK:

- Seniorane skal brukast meir i avløysarordningane, som lærarar på kurs og i rettleiarnettverk
  - Kommunane/rettleiarane initierer «framtidssamtalar» når alle brukarar passerar 50 år
  - Eigarskiftekurs for seniorar og unge for å auke motivasjon og kunnskap
  - Kurs innan relevante område for unge bønder, gjennomført lokalt
  - Støtte opp om eksisterande fadderordningar og vurdere om dei skal utvidast.
-

## STRATEGI 4: FLEIRE MED MEIR POSITIVE HALDNINGAR TIL LANDBRUKET

### FAKTABOKS:

#### DET LUKTER SÅ GODT!

«Som byjente, oppvokst i Loddefjord, lå det vel ikke i kortene at jeg skulle bli bonde. Men hesteinteressen min gjorde at jeg søkte meg til Stend Jordbrukskule etter ungdomsskolen. I sekken hadde jeg en drøm om å bli veterinær.

Å være ungdom koster penger og jeg begynte som avløser. Dermed var jeg «smittet». For når du først har blitt vant med lukta av silo, varmen fra dyrene og vakre soloppganger i melkeromsdøra etter endt morgenstell, så glemmer du det aldri.

Voksenlivet kom, med legesekretærjobb og tomannsbolig. Men noe manglet. Ikke engang avløserjobb i helgene var nok. Først da vi tok steget fullt ut og kjøpte oss gård på det åpne markedet, havnet vi på rett hylle her i livet. Og vi har ikke angret en eneste dag!»

Nestlearen i Hordaland Bondelag, Frøydis Haugen.

I kapittel 3 var vi opptekne av at omdømet til landbruket må bli betre. Samstundes peika vi på at fleire må motiverast til å ta landbruksutdanning, og seinare ta over ein gard. Vi synte òg at unge bønder som har teke over, i all hovudsak er nøgde med valet.

Strategi 4 er to-ledda: Dels skal ein utvikle eit *betre omdøme for landbruket*, slik at folk i Hordaland si oppfatning om landbruket vert meir positiv. Dels skal ein utvikle fleire positive haldningar i visse målgrupper, slik at fleire tar landbruksutdanning og tek over bruk. Dei to delstrategiane høyrer saman; eit generelt betre omdøme gjer det enklare å skape positive haldningar.



Foto: Hordaland Bondelag

Omdømet for landbruket i Hordaland er summen av korleis omverda oppfattar matprodusentane. Strategiane for å betre omdømet må ta utgangspunkt i ei forståing av kva for kjerneverdiar landbruket i Hordaland ønskjer å stå for. Nokre av kjerneverdiane er nemnde i kapittel 2. Når kjerneverdiane er diskuterte og aksepterte internt, må ein vurdere om det må setjast i verk tiltak slik at ein i praksis faktisk held det lovært.

Positive haldningar blant unge og unge vaksne skal særleg skapast på to måtar. Ein skal *auke kunnskapen om innhaldet i landbruksutdanninga* og *kva det vil seie å arbeide som bonde*. Meir kunnskap er eit viktig grunnlag for å skape positive haldningar. Dessutan skal ein *synleggjere dei interessante sidene ved å arbeide i landbruket*, særleg gjennom å vise positive døme på unge bønder som lukkast og trivst. Samstundes må ein medvete spele på kjensler, til dømes nærliek til dyr, verdien av å vedlikehalde tradisjonar og verdien av å produsere mat med høg kvalitet.

For å nå dei unge må ein bruke desse målgruppene sine viktigaste kanalar for informasjon, det vil til dømes seie nyhende på nettet og sosiale media.

Dessutan syner erfaringar med utvikling av omdøme og endring av haldningar, at ein må arbeide *systematisk og kontinuerleg over lang tid for nå resultat*.

---

## DØME PÅ TILTAK:

- Finne ut kva som skapar eit positivt sjølvbilete hjå bonden; skape begeistring for eigen arbeidsplass
  - Synleggjere økonomiske, teknologiske, miljømessige og andre faglege utfordringar i arbeidet innan landbruket
  - Få medieomtale om vellukka tiltak og prosjekt. Få fram gode døme på unge bønder som lukkast.
  - Ytterligare auka norske forbrukarar si forståing av norsk matproduksjon og lokale råvarer.
  - Jobbe aktivt for å synleggjere landbruket som karrierevei for ungdom.
-

# 6. KORLEIS VI SKAL GJENNOMFØRE LANDBRUKSMELDINGA

## Gjennomføringa krev enno betre samarbeid mellom ulike aktørar

Hordaland fylkeskommune har eit overordna ansvar for at tiltak vert planlagde og gjennomførte, og at måla vert nådde.

I praksis må gjennomføringa skje i nært samarbeid med mange andre aktørar; særleg Fylkesmannen si landbruksavdeling og Innovasjon Norge, men også landbruksorganisasjonane, kommunane, rettleiartenestene, lag og foreiningar lokalt, eldsjeler i lokalsamfunna med fleire. Dei einskilde døma på tiltak som er nemnde i kapittel 5 og/eller andre tiltak, skal konkretiserast i handlingsplanar. Eit slikt sentralt dokument er det årlege handlingsprogrammet til «Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017», som vert utarbeidd av fylkeskommunen i samråd med Regionalt Næringsforum (RNF). I RNF sit alle relevante aktørar som har ansvar for regional utvikling. Dei verkemidla som Fylkesmannen si landbruksavdeling og Innovasjon Noreg rår over, er også aktuelle finansieringskjelder for gjennomføringa av landbruksmeldinga.

Men utan aktive, unge bønder eller potensielle rekruttar vil det ikkje skje noko. Bøndene må oppleve at gjennomføringa av landbruksmeldinga gjev dei meir motivasjon og betre føresetnader for å ta over ein gard. Gjennomføringa må minst ha same positive ånd som denne meldinga er tufta på!

## Ein sterkare, meir kontinuerleg og systematisk innsats

Det har tidlegare vore gjennomført prosjekt innafor fleire av strategiane i denne meldinga. Mange av desse prosjekta har gjeve gode resultat, sjølv om ressursinnsatsen har vore relativt liten. Det er likevel naudsynt med tyngre innsats i form av meir ressursar, både når det gjeld økonomi og kompetanse. Dessutan trengst det ein meir systemtisk og kontinuerleg innsats.

## Forslag til konkrete tiltak i tillegg til døma i meldinga:

- Ein måte å gjennomføre strategiane i denne meldinga på, kan vere å utvikle pilotprosjekt i to ulike kommunar. Pilotprosjekta bør konkret ta utgang i strategiane og døme på tiltak i denne meldinga. Pilotprosjekta bør ha ei lengd på to år, deretter må dei evaluerast. Erfaringar og resultat skal formidlast og danne grunnlag for nye tiltak i andre kommunar. Det som fungerer bra, skal i størst mogleg utstrekning verte allemannseige.
- Det er naudsynt å ha oppdatert statistikk over landbruket i Hordaland, og landbruk bør etablerast som eige punkt under «statistikk i vest» i samarbeid med AUD, innovasjon Norge, Fylkesmannen i Hordaland si landbruksavdeling og næringsaktørane.
- Rett kompetanse og kunnskap trengs for å få auka lønnsemd og produksjon, samt rekruttering til landbruket. Difor må det støttast aktivt opp om rekrutteringsarbeid knytt til landbruket.
- Kartlegge kjerneområder i landbruket.
- Kartlegge behov for kompetanse i landbruket
- Støtte opp om etablering og vidareutvikling av nettverk i landbruket
- Samarbeide med naturbrukskulane om rekrutteringsarbeid til landbruket
- Støtte opp om samarbeid mellom naturbrukskulane og næringa.

## **Positive resultat og erfaringar må formidlast til sentrale styresmakter**

Tiltaka som vert sette i verk vil heilt sikkert gje resultat som er interessante for andre fylke òg. Ambisjonsnivået i gjennomføringa av meldinga bør vere at det på viktige område vert hausta erfaringar som kan gje nytte, lærdom og inspirasjon til regionale og statlege styrkesmakter.

Dersom ein i gjennomføringa av denne meldinga møter statlege regelverk og reguleringar som hindrar viktige resultat, må sentrale styresmakter påverkast slik at vi får endra eller mjuka opp regelverket. Staten òg er særskilt interessert i å auke rekrutteringa til landbruket. Kunnskap om korleis statlege rammer verker inn på rekrutteringa på regionalt og lokalt nivå, er viktig kunnskap som bør nyttast til stendige forbeteringar og vidareutvikling av landbrukspolitikken.



Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Mars 2014